Vestland fylkeskommune

Avdeling for
Kultur og folkehelse (KFO)

Dato	13.04.2026
Vår referanse	2023/77421-4
Dykkar referanse	2026/1126
Sakshandsamar	Grete Marøy Sellevoll
E-post	Grete.Maroy.Sellevoll@vlfk.no
Telefon	

Kystverket
Postboks 1502
6025 Ålesund

Innvilga dispensasjon frå freding - arbeider på Stabben Fyrstasjon - Kinn kommune

Innvilga søknad om dispensasjon for istandsetting av eksteriør - fasadekledning og taktekking

Vi viser til søknad datert 16.03.26 om dispensasjon frå freding av kulturminne-ID 87359, Stabben fyrstasjon, gnr./bnr. 27/1220, Kinn kommune, Vestland fylke. Det er planlagt maling av eksteriør fyrstasjonen, skifte dekket på gangbanen rundt stasjonen og skifte ut eksisterande fasadeplater og takplater. Kystverket vurderer å skifte fasadekledning og bølgeplater i eternitt, då dette er prega etter mange år med påkjenningar frå vind, regn og sjøsprøyt, med materialnedbryting og brudd i plater.

Vedtak

Vestland fylkeskommune gir dispensasjon til å gjennomføre desse tiltaka:

Tiltak	Avgjerd	Kommentar
Riving og utskifting av fasadeplater i eternitt til betongbaserte fasadeplater i same utforming og format.	Godkjent	
Utskifting av råteskada listverk rundt vindu og dører.	Godkjent	
Riving og utskifting av eksisterande taktekking med tilbakeføring til skifertak - rektangulær- eller ruteheller. Reparasjon av undertak der det er råteskade. Ny underkonstruksjon tak med papp, lekter og beslag.	Godkjent	Ønsker dokumentasjon på tidlegare brukt skiferformat.
Utskifting av beslag, takrenner og taknedløp	Godkjent	

Vilkår

- Restaurering og istandsetting skal skje så skånsamt som mogeleg og etter antikvariske prinsipp dvs.: bruk av tradisjonelle materiale, utføring og teknikkar både ved reparasjon og eventuell utskifting. Det skal vere minst mogeleg utskifting av originale element og materiale. Ved utskifting av materiale skal det øydelagde materiale erstattast med ny av same utforming og kvalitet.
- Nye fasadeplater skal ha same format, farge og utforming som eksisterande plater, med bølgekant nedst.
- Skifertaket utførast etter leggetilvising som for nytekking, med takpapp, sløyfer og lekter. Det skal nyttast vindskier med vassbord. Sink- eller stålbeslag på møne. Takpappen bør førast opp og over gavlkloss, under vassbord. Det kan nyttast ekstra beslag for å sikre mot vassinntrenging ved gavlenav.
- Viktige detaljteikningar for overgangar tak og val av farge, format og materialbruk leggast fram for fylkeskommunen for godkjenning.

Når arbeidet er ferdig, skal du sende inn dokumentasjon som viser korleis arbeidet er blitt utført, og det endelege resultatet.

Løyvet er gyldig i 3 år etter at du har motteke dette vedtaket.

Grunngiving for vedtaket
Etter kulturminnelova § 15a kan departementet *i særleg tilfelle* gjere unntak frå vedtak om freding og fredingsføresegner for tiltak som ikkje medfører *vesentlege inngrep* i det freda kulturminnet. Fylkeskommunen er rette styresmakt til å vurdere om det skal givast dispensasjon, jf. forskrift om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminneloven §§ 3 (4) og 4.

Stabben fyrstasjon vart freda i 1999. Anlegget består av fyrbygning, naust og landing. Stabben fyr vart bygd i 1867 og har ei sentral plassering på ein liten holme ved innseglinga til Florø. Fyrbygningen har ein høg grunnmur/kjellaretasje i gråstein og ein lafta hovudetasje med loft og halvvalma tak. Fyret vart oppført som eit ledfyr, oppgradert i 1905 med eit høgre tårn og fjerde ordens linseapparat i lyktehuset. Denne linsa vart skifta ut med farga skjermglas i 2023. Fyrstasjonen vart automatisert og ubemanna i 1975.

Føremålet med fredinga er å bevare eit kulturhistorisk og arkitektonisk verdifullt bygningsanlegg tilknytta sjøfart, fyrvesen og kystkultur med fyrtårn og øvrige bygningar på fyrstasjonen og området rundt fyrstasjonen.

Fyrbygningen var opphavleg kledd med vertikal trekledning. Vindua hadde to rammer med tre ruter i høgda, støypejernsvindu i gråsteinsmur/kjellaretasje. I forvaltningsplanen står det at taket var tekka med Vossheller, store rektangulære skiferheller, og støpejern mønepanner, takrenner og nedløp.

Foto Severin Worm Petersen, ca. 1910-20 (RA-Arkiv).

Foto: Danckert Monrad-Krohn, Riksantikvaren (RA-Arkiv).

På 1950-60-talet skjedde ein del endringar på bygning; ny fasade- og taktekking i eternitt og endring til nye to-fags vindauge; «Husbankvindu». På eit tidspunkt har gråsteinsmuren blitt mala kvit.

Vurdering:
Endringane på 1950-60-talet er ein del av bygningshistoria til fyranlegget som ein ønskjer å ta vare på. Når det vert behov for større istandsetting, må det vurderast om eksisterande uttrykk skal vidareførast eller om det skal gjerast ei tilbakeføring til eit tidlegare, dokumentert uttrykk.

Tiltak fasade: Utskifting av fasadeplater i eternitt med betongbaserte fasadeplater med same format, farge og utforming som dei gamle eternittplatene, vil ikkje endre fasadekarakteren på bygget. Vindua skal ikkje skiftast. Eventuelle utskifting av listverk utførast med same utforming som ein har i dag. Dette er ei akseptable løysing og fasadekarakteren blir som i dag.
Dersom ein vurderer ei tilbakeføring til opphavleg trekledning, bør ein også endre og tilbakeføre til opphavlege vindaugsformat. Denne endringa (tilbakeføringa) er det ikkje søkt om.

Tiltak tak: Taktekkinga av eternitt i dag har ein karakter med tett rillestruktur, matt overflate og mørk grå, spetta farge. Det er mønebeslag og gavlbeslag i same farge og material.

Alt1: Nye fibersementplater med tilsvarande bølgeprofil vil gje same rillestruktur, men vil nok opplevast meir glatt, skinande og einsfarga. Denne karakteren vil nok endrast over tid. Løysinga kan aksepterast, då det er slike plater som er nærast i form og utsjånad på dei eksisterande takplatene.

Alt2: Tilbakeføring til skifertak er ei føretrekt løysing. Skifertak har vore mykje nytta langs kysten, også i ytre Sunnfjord. Det har ein naturleg variasjon i grå fargespel og mønster og ei tilbakeføring til skifertak vil gje Stabben fyr ein meir historisk autentisk karakter. Vi har ikkje bilde-dokumentasjon på format på opphavlege skiferheller, men det er beskrive rektangulære skiferheller i forvaltningsplanen. Rektangulær skifer har same leggesystem som lappskifer og må ha relativ stor overlapp og får høg eigenvekt. Firkantskifer eller fasettskifer har mindre overlapp. Både firkant- og dråpeskifer har vore vanleg taktekking i regionen, medan vi har få eksempel på rektangulære skifertak. Firkantskifer er mest nytta på større offentlege bygg.

Vi ønskjer tilbakemelding på om Kystverket har meir dokumentasjon på format på opphavleg type skifer. Takbeslag, takrenner og nedløp er blekkslagararbeid og tilpassast detaljer for skifertak. Det er tilrådd å nytte sink eller galvanisert stål og malast med oljemaling. Endelege val av produkt og detaljar leggast fram for fylkeskommunen for godkjenning.

Tiltak golv: Utvendige tilkomstvegar som kragar utanfor fasade har dekke i tre av smale bord, gjæra i hjørna. Råteskada materiale kan skiftast. Dette vert rekna som vanleg vedlikehald. Det vert føresett at bordgolv vert skifta med tilsvarande material og utforming.

Utvendig malingsarbeid: Det er planlagt maling av murar (kvit), stangjern-rekkverk (raud) og anna nødvendig malingsarbeid. Dette vert rekna som vanleg vedlikehald. Det vert føresett at det vert nytta same type maling og farge som er brukt ved tidlegare malingsarbeid.

På bakgrunn av vurderingane ovanfor vurderer Vestland fylkeskommune at tiltaka det vert dei søkt om ikkje er eit vesentleg inngrep sett i forhold til føremålet med fredinga. Vidare er det vår vurdering at tiltaka er nødvendige for å hindre skade på bygningen og at det av den grunn ligg føre eit særleg tilfelle.

Etter ei samla vurdering innvilgar vi søknaden om dispensasjon for å skifte taktekking og fasadekledning.

Forholdet til anna lovverk

Om tiltaket krev løyve etter anna lovverk, må søkjaren sørgje for dette før tiltaket kan gjennomførast. Det gjeld bl.a. for tiltak som er søknadspliktige etter plan- og bygningslova § 20-1.

Riving av fasade- og takplater som inneheld eternitt er farleg avfall og krev asbestsanering.

Du kan klage på vedtaket

Du har rett til å klage på vedtaket. Fristen for å klage er 3 veker frå du har motteke dette brevet, jf. forvaltningslova §§ 28 og 29. Klaga skal stilast til Riksantikvaren, som er klageinstans, men sendast

til oss, gjerne på e-post til post@vlfk.no. Om vi ikkje gir deg medhald, sender vi klaga til Riksantikvaren, som avgjer saka med endeleg verknad.

Har du spørsmål?
Har du spørsmål, kan du kontakte sakshandsamar Grete Marøy Sellevoll, tlf. 95082925, e-post: Grete.Maroy.Sellevoll@vlfk.no

Med helsing

David J. Sandved
seksjonsleiar
KFO - Kulturarv

Eva Moberg
leiar
KFO - Museum, fartøy- og bygningsvern

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift

Kopi til:

RIKSANTIKVAREN	Postboks 1483 Vika	0116	OSLO
KINN KOMMUNE	Postboks 294	6701	MÅLØY